

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jarle Skartun
Arkivsaksnr.: 20/3059-93

Arkiv: 145

Budsjett 2021 - orientering

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet tek orientering omkring slutføring av budsjett -21 til vitande.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024, vedteke 17.12.20 i weblenke og pdf.format.
Rundskriv H 1/21 frå KMD. Statsbudsjettet for 2021 – det økonomiske opplegget for kommunar.

Uprenta vedlegg:

Samandrag:

Kommunestyret sitt vedtak, av 17.12., skal innarbeidast i budsjettet. I saka vert det informert om arbeidet som er gjort og det vert lagt fram endelege versjonar av budsjett 2021 og Øp.

Utval som har vedtaksmynde: Formannskapet.

Fakta:

Budsjettdokumenta er ferdigstilt etter kommunestyret si handsaming 17.12.

Budsjettdokumenta er **oversendt statsforvaltaren** innan fristen 15.01.

Kommunestyret sitt vedtak er innarbeidd i dokumenta. Tekstmessig er og tillegg teke inn i budsjettdokument der teneste og/eller tiltak er omtalt.

Oppretting av feil: Jf rådmann si forklaring, i kommunestyremøtet, på handtering av kommunestyret sitt tidlegare vedtak om å setje av 2 million kvart år i «kategorien» miljøinvesteringar. Meir enn 2 million er tiltaksplassert i 2021-budsjettet: Ladestasjon og innkjøp av elbilar m fl. Det same kan seiast om 2022 med elbilar, sentrumstiltak mv..(jf og at det året er investeringsplanen svært høg.) For 2023 og 2024 er det ført inn 2 million i programmet for seinare tiltaksplassering. Dette aukar i utgangspunktet investeringsrammene for desse åra og i planen er dette lånefinansiert.

Rådmannen har på vegne av formannskapet svare på innspel som kom i høyringa, 25 stk. Det er søkt å gi svar tilbake omkring status og ev vidare arbeid med det som er teke opp. Fleire av innspela er vist til oppfølgjande/underleggjande plan- og utgreiingsarbeid.

Ev budsjettendringar. Endeleg vedtak i statsbudsjettet, gjeldande kommunesektoren, kom i år så seint at her er mindre endringar som ikkje er innarbeidd i vedteke budsjett. Eg viser til rundskriv H-1/21, vedlagt. I kapittel 1 og 2 er endringane omtalt. Samla gir det ei styrking av budsjettet. Kor mykje kjem an på skatteinngangen, men prognosen er på 2-3 million kroner for Luster og er i all hovudsak kopla til Covid der det og vert definert oppgåver; teststasjon, kontroll m/skjenking og habiliterings- og avlastningstilbud til barn og unge med nedsett funksjonsevne. Desse oppgåvene føl me opp medan det formelle vert innarbeidd ved budsjettregulering. (halvårsrapporten.)

Andre merknader:

Etter det rådmannen oppfatta som «budsjettavklaring i høve prosess» for saka om **Gaupne barnehage** så tok den saka ei anna vending ved kommunestyret sitt utsetjingsvedtak. I november, i budsjettendrøftingane, var det avklart at saka ikkje var klar for realitetshandsaming i desember. Det vart likevel vedteke at ein ønskte drøfte saka i desembermøte – når ein så vel å utsetje saka og det kjem føringar på vesentlege «manglar»

så pressar det vidare utgreiingsarbeid og kapasitet. Det er bakgrunn for at rådmann meiner saka er best tent med å vente med realitets-handsaming til mars og ikkje februar som står i kommunestyret sitt vedtak.

Det vart i budsjettdebatten omtalt **kostnadsutvikling i siste 10-års-perioden**. Dei tala som der vart nytta har ikkje rådmann greidd å spora i rekneskapstal og statistikk. Om rådmann går til rekneskapstal og SSB sine offisielle statistikkar så finn eg andre talstorleikar og utvikling.

Relevant samanlikning for å vurdere utviklinga er etter rådmannen si vurdering å sjå på driftsutgifter i Luster opp mot samanliknbare kommunar. Etter rådmann si oppsummering syner tala:

- ei kostnadsutvikling i Luster som på ingen måte avvik frå utviklinga i andre kommunar.
- ikkje så store avvik/meirkostnader samanlikna med indeksar for pris- og lønsutvikling.
- at ein kan dokumentere at kommunen har stramma inn og utvikla egne inntekter slik at god balanse i stor grad har vore sikra for økonomi-utviklinga.

Ei samanlikning mellom Sogn Regionråds kommunane syner eit spenn i kostnadsutvikling siste tiåret mellom 126 og 167 % om ein set 2010 til 100. **Luster har 135%** Kostnadsindeksar i nemnde ti-års-periode er opp mot **30%**.

At kommunane jamt over ligg høgare enn det har ulike forklaringar. Det har vore både store og små reformer, alt frå samhandlingsreforma til skjerpa/endra regelverk inntil alt frå brann til barnehage. Til dette kjem at Luster i perioden har makta å etablere nye tilbod og utvikla eksisterande; eksempel vil vera Lustrabadet, skuleutvikling og barnehageutvikling.

Det har og vore regelverksendringar som påverkar. (mva, pensjon, avskrivningar.)

Når ein nyttar slike samanlikningar skal ein vere obs på feilkilder. Den største vil vere utvikling i folketal og demografi. Til dømes ligg Sogndal(gamle Sogndal) på 167% grunna den sterke folketalsauken. Luster har og samanlikna med dei kommunane som har lågare kostnadsvekst enn oss (Årdal, Lærdal) hatt ei meir positiv folketalsutvikling som påverkar. (tabell kan synast i møte.)

Dette til orientering.

Dato: 21.01.21

Jarle Skartun
rådmann

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: